



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 115 L

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i våpenlova (heilautomatiserte
avgjerder og endra gebyrheimel)

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	5.2	Statlege retningslinjer for gebyr- og avgiftsfinansiering	12
2	Bakgrunnen for lovforslaget	6	5.3	Forslaget i høyringsnotatet	12
3	Høyringa	7	5.4	Høyringsinstansane sitt syn	13
4	Heimel for heilautomatiserte avgjerder	8	5.5	Departementet si vurdering	13
4.1	Gjeldande rett	8	6	Økonomiske og administrative følger	14
4.2	Forslaget i høyringsnotatet	8	7	Merknader til dei einskilde føresegnene	15
4.3	Høyringsinstansane sitt syn	10		Forslag til lov om endringar i våpenlova (heilautomatiserte avgjerder og endra gebyrheimel)	17
4.4	Departementet si vurdering	10			
5	Endra heimel for gebyr for løyve og godkjenningar	12			
5.1	Våpenlova § 37	12			



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 115 L

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i våpenlova (heilautomatiserte avgjerder og endra gebyrheimel)

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 21. juni 2024,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Justis- og beredskapsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag til endringar i lov 20. april 2018 nr. 7 om våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon (våpenlova). Forslaget er eit ledd i arbeidet med ei ny digital våpenforvaltning.

Departementet foreslår eit nytt andre ledd i § 38 som gjev heimel for handsaming av personopplysingar ved heilautomatiserte avgjerder i saker etter våpenlova. Endringsforslaget vil gje politiet høve til å treffe fleire avgjerder med automatisert handsaming åleine, utan at ein sakshandsamar er involvert i eller har påverka resultatet. I samanheng med dette foreslår departementet ei

tilføyning i § 41 nr. 32 for å kunne fastsetje i forskrift nærare føresegner om bruk av automatiserte avgjerder.

Departementet foreslår også ei endring i § 37 for å gje heimel for å ta gebyr ved søknad om løyve eller godkjenningar gjevne i medhald av lova. I dag betaler publikum gebyr når politiet utferdar løyve eller andre tillatingar. Endringsforslaget vil gje politiet høve til å krevje gebyr sjølv om søknaden vert avslått. Lovforslaget legg opp til at departementet gjev nærare føresegner om gebyret i forskrift.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

Våpenlova har til føremål å trygge samfunnet mot uønskte vilje- og vådehandlingar med våpen og å fremje ein trygg våpenbruk, jf. våpenlova § 1. Våpenforvaltinga bidrar til dette ved å mellom anna kontrollere at personar som får eller har løyve og godkjenningar, oppfyller vilkåra i lova. Våpenforvaltinga skal også sikre innbyggjarane gode tenester.

Politiet er i hovudinstruksen for etaten gjeve pålegg om å nytte teknologi som hever kvaliteten og effektiviserer arbeidsprosessane, mellom anna i form av digitale publikumsløysingar. Det er viktig at verksemdene nyttar seg av moglegheitene som den teknologiske utviklinga gjev til å auke kvaliteten og effektiviteten i oppgåveløysinga, jf. Prop. 1 S (2023–2024) frå Justis- og beredskapsdepartementet side 93.

Politidirektoratet har fått i oppdrag å etablere ei ny digital våpenforvalting. Føremålet er å utvikle ei betre og meir effektiv våpenforvalting som skal møte publikum sine behov, jf. supplerande tildelingsbrev nr. 7 *Ny digital våpenforvalting* frå Justis- og beredskapsdepartementet datert 23. april 2021. Oppdraget til direktoratet har vore å utvikle og gjere bruk av digitale publikumsløysingar og vidare digitalisering og automatisering av våpenforvaltinga. Digitalisering av

verksemda er framheva som ei prioritert oppgåve også i tildelingsbrevet til politiet for 2024.

Så langt er det etablert ei digital løysing for å sende inn søknad om våpenløyve og eit sakshandsamingssystem for digital handsaming av våpen-søknader. Løysinga er teken i bruk for søknader om jaktvåpen og sportsvåpen og skal i tida framover utviklast for andre typar søknader. Søknader som tidlegare vart handsama manuelt, vert i aukande grad handsama maskinelt. Automatisert handsaming vert i dag nytta for å støtte sakshandsamaren si handsaming av søknader om løyve og godkjenningar gjevne i medhald av våpenlova. Høve til heilautomatisert handsaming i eigna saker vil gje ei endå meir effektiv søknadshandsaming og oppgåveløysing i våpenforvaltinga.

I det supplerande tildelingsbrevet nemnt ovanfor er det lagt til grunn at våpenforvaltinga skal vere gebyrfinansiert, og at gebyret skal svare til kostnadene. Politidirektoratet har overfor departementet peika på at det siste ikkje er tilfellet i dag. Direktoratet har vist til at ein stor del av kostnadene som våpenforvaltinga har, går med til å handsame søknader om løyve eller godkjenningar som vert avslått, og til å utføre kontroll som krevst etter våpenlova for at løyve som er utferda, skal kunne behaldast.

3 Høringa

Forslaget til endringar i våpenlova vart sendt på høyring 15. januar 2024 med svarfrist 26. februar 2024. Høyringsnotatet vart sendt til følgjande høyringsinstansar:

Departementa

Datatilsynet
Digitaliseringsdirektoratet
Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)
Generaladvokaten
Kripos
Noregs institusjon for menneskerettar (NIM)
Politidirektoratet
Politiets tryggingsteneste (PST)
Politihøgskolen (PHS)
Regelrådet
Riksadvokaten
Sivilombodet
Sysselmeisteren på Svalbard

Det frivillige Skyttervesen
Dynamisk Sportsskyting Norge
Norges Benkskytterforbund
Norges Jeger- og Fiskerforbund
Norges Metallsilhuett Forbund
Norges Skiskytterforbund
Norges Skytterforbund
Norsk Svartkruttunion
Norsk Reservistforbund
Scandinavian Western Shooters
Norsk organisasjon for jegere og skyttere
Norsk Våpeneierforbund
Norsk Våpenhistorisk Selskap
Våpenrådet

Den Norske Advokatforening
Den norske dommerforening
Norges idrettsforbund
Norges Røde Kors
Norges Skogeierforbund
Norges Politilederlag
Politiets Fellesforbund

110 har kome med høyringssvar.

Følgjande instansar hadde merknader:

Agder politidistrikt
Innlandet politidistrikt
Oslo politidistrikt
Politidirektoratet
Sør-Vest politidistrikt
Troms politidistrikt
Øst politidistrikt

Datatilsynet
Språkrådet

Det frivillige Skyttervesen
Dynamisk Sportsskyting Norge
Norges Jeger- og Fiskerforbund
Norges Metallsilhuett Forbund
Norsk Våpeneierforbund
Norsk Våpenhistorisk Selskap
Scandinavian Western Shooters

Aust-Agder skyttersamlag
Bagn Sportsskytterklubb
Hadeland sportsskyttere
Hobøl Miniatyrskytterlag
Hobøl Skytterlag
Lindesnes Pistolklubb
Lyngsalpene pistolklubb
Lørenskog skytterlag
Schedsmoe Civile Skydeselskab
Ørnes skytterlag

Departementet har fått høyringssvar frå 87 privatpersonar.

Følgjande høyringsinstansar hadde ingen merknader:

Samferdselsdepartementet

Norges Skytterforbund

Høyringsinstansane sine fråsegner til lovforslaget er omtalte i punkt 4.3 og punkt 5.4.

4 Heimel for heilautomatiserte avgjerder

4.1 Gjeldande rett

Lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltingslova) gjeld for sakshandsaminga i politiet si våpenforvaltning med dei særreglane som er fastsette i våpenlova § 38 andre og tredje punktum og i forskrift i medhald av § 41 nr. 32. Dette inneber at føresegnene i forvaltingslova om førehandsvarsling, saksutgreiing, grunngeving og klage med fleire, som hovudregel gjeld for handsaminga av saker etter våpenlova. Forvaltingslova har ikkje føresegner om heilautomatiserte avgjerder i sakshandsaminga.

Lov 15. juni 2018 nr. 38 om behandling av personopplysningar (personopplysingslova), som inkorporerer forordning (EU) 2016/679 om vern av fysiske personer i forbindelse med behandling av personopplysningar (personvernforordninga), gjeld for handsaming av personopplysningar i våpenforvaltninga.

Personvernforordninga artikkel 22 set rammer for handsaming av personopplysningar ved heilautomatiserte individuelle avgjerder og profilering. Etter artikkel 22 nr. 1 har den registrerte «rett til ikke å være gjenstand for en avgjørelse som utelukkende er basert på automatisert behandling, herunder profilering, som har rettsvirkning for eller på tilsvarende måte i betydelig grad påvirker vedkommende». Føresegna inneber eit forbod som gjeld utan omsyn til om den registrerte protesterer eller ikkje, jf. EU-domstolen si avgjerd frå 7. desember 2023 i sak C-634/21. Utgangspunktet er difor at forvaltninga ikkje kan treffe avgjerder som er omfatta av artikkel 22 nr. 1.

Tre unntak frå hovudregelen følgjer av personvernforordninga artikkel 22 nr. 2 bokstav a til c. Etter bokstav b gjeld ikkje forbodet om avgjerda er tillaten i «medlemsstatenes nasjonale rett som den behandlingsansvarlige er underlagt» og det er fastsett «egne tiltak for å verne den registrertes rettigheter, friheter og berettigede interesser». I fortalepunkt 71 står det at heimelen i nasjonal rett bør vere «uttrykkelig», og at tiltak i det minste bør omfatte «spesifikk informasjon til den registrerte og rett til menneskelig inngripen, til å uttrykke

sine synspunkter, til å få en forklaring på avgjørelsen som er truffet etter en slik vurdering, og til å protestere mot avgjørelsen».

Avgjerdene skal ikkje byggje på særlege kategoriar av personopplysningar som nemnt i artikkel 9 nr. 1, med mindre artikkel 9 nr. 2 bokstav a eller g skal gjelde, jf. personvernforordninga artikkel 22 nr. 4. Bokstav g opnar for å gje heimel for handsaming av særlege kategoriar av personopplysningar når det er naudsynt av omsyn til «viktige allmenne interesser». Handsaminga må også «stå i et rimelig forhold til det mål som søkes oppnådd, være forenlig med det grunnleggende innholdet i retten til vern av personopplysninger og sikre egnede og særlige tiltak for å verne den registrertes grunnleggende rettigheter og interesser». Handsaming av personopplysningar nemnde i artikkel 10 skal berre utførast under kontroll av ei offentlig styresmakt eller med heimel i nasjonal rett som sikrar naudsynte garantiar for rettane og fridomane til den registrerte.

Våpenforvaltninga handsamar personopplysningar i handsaminga av saker etter våpenlova. Avgjerder i saker som vert treffe på grunnlag av automatisert handsaming åleine, vil kunne vere omfatta av personvernforordninga artikkel 22 nr. 1. Somme avgjerder, til dømes å innvilge eller å gje avslag på ein søknad om våpenløyve, vil då krevje ein uttrykkeleg heimel i nasjonal rett og at det er fastsett eigna og særlege tiltak, jf. artikkel 22 nr. 2 bokstav b og nr. 4.

Utover dette fastset våpenlova § 36 at politiet skal føre eit sentralt våpenregister, kva opplysningar som skal registrerast, og at føremålet med registeret er å handsame opplysningar for å gjennomføre kontroll med at reglane vert følgde, og å trygge ei forsvarleg våpenforvaltning. Nærare føresegner om våpenregisteret, til dømes om handsamingsansvar og tilgang, går fram av våpenforskrifta §§ 13-1 til 13-8, jf. våpenlova § 41 nr. 30.

4.2 Forslaget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet foreslo departementet ein heimel i våpenlova § 38 nytt andre ledd for å

treffe avgjerder i saker etter våpenlova åleine på grunnlag av automatisert handsaming av personopplysingar, medrekna særlege kategoriar av personopplysingar og andre sensitive opplysingar etter personvernforordninga artikkel 9 og 10.

Departementet framheva at ei effektiv våpenforvaltning er viktig for å trygge samfunnet og fremje trygg bruk av våpen, og vurderte at ei effektiv sakshandsaming i våpensaker varetek viktige allmenne interesser.

Høyringsforslaget la opp til at det skulle vere eit krav for å bruke heilautomatiserte avgjerder at handsaminga er forsvarleg og i samsvar med retten til vern av personopplysingar, og at avgjerda ikkje byggjer på skjønsmessige vilkår som krev at ein sakshandsamar gjer ei konkret vurdering. I høyringsnotatet vart desse krava beskrive slik:

Vilkåret om at behandlingen må vere forsvarlig og forenlig med retten til vern av personopplysningar forutsetter at visse rettssikkerhetsgarantier er på plass før avgjørelser kan treffes utelukkende basert på automatisert behandling. I lys av disse kravene må våpenforvaltningen vurdere om helautomatisert behandling er mulig og hensiktsmessig i den aktuelle sakstypen. En forutsetning for bruk av helautomatisert behandling er at avgjørelsen baserer seg på riktig faktisk grunnlag og treffes i tråd med regelverket. Det forutsetter blant annet at det er innført rutiner for å sikre at opplysningene som ligger til grunn for avgjørelsen er korrekte, og at behandlingen av dem ivaretar gjeldende saksbehandlingsregler. Rutiner tilpasset helautomatisert saksbehandling kan vere jevnlig kontroll av heilautomatiserte avgjørelser som treffes og av saksbehandlingssystemet.

Helautomatiserte avgjørelser skal etter forslaget ikke kunne tas i bruk dersom resultatet beror på skjønsmessige vilkår i lov eller forskrift, med mindre resultatet er utvilsomt. For å få våpenløyve eller godkjenning stilles en rekke forhåndsdefinerte krav til søker. Enkelte kriterier for å få løyve, slik som kravet til vandel og personlige egenskaper, er skjønsmessig utformet og krevjer at det foretas en konkret vurdering. Slike skjønsmessige vilkår utelukker ikke bruk av helautomatisert behandling, men kan innebære at avgjørelsen ikke er utvilsom og derfor må vurderes manuelt av en saksbehandler. Det vil dermed vere en forutsetning at vilkårene er så klare og objektive at

det enkelt kan fastslås om de er oppfylt eller ikke.

Departementet meinte at det ikkje var formåls-tenleg å avgrense høve til å nytte heilautomatiserte avgjerder til bestemte sakstypar. Det vart vist til at den teknologiske utviklinga og dei digitale løysingane som vert utvikla, vil påverke kva saker etter lova som kan avgjerast med heilautomatisert handsaming. I høyringsnotatet vart rammene for handsaming av søknader beskrive slik:

Forslaget legger opp til at både en avgjørelse om å innvilge og å avslå en søknad vil kunne treffes med helautomatisert behandling. I noen tilfeller vil søknader vere godt egnet for maskinell behandling, typisk når avgjørelsen ikke inneholder elementer av konkrete vurderinger. Eksempler på avgjørelser av denne typen kan vere når behovsvilkåret er oppfylt og det ikke er treff i registrene som kan påvirke vurderingen av de andre vilkårene, eller når behovsvilkåret ikke er oppfylt og det av den grunn ikke er nødvendig å vurdere øvrige vilkår. Saksbehandlingssystemet skal i slike tilfeller kunne fatte vedtak om innvilgelse eller avslag på løyve eller godkjenning utelukkende ved bruk av automatisert behandling. I andre tilfeller vil søknader ikke vere egnet for maskinell behandling. Et eksempel på dette er at søker er registrert med lovbrudd i politiets registre. Betydningen av lovbrudd beror på en konkret, skjønsmessig vurdering. Saksbehandler vil i slike tilfeller måtte få overført saken til manuell behandling før det fattes vedtak om innvilgelse eller avslag på søknaden.

Høyringsforslaget la opp til at den registrerte skulle ha rett til manuell overprøving av avgjerda. Avgjerder som vart påklaga, skulle såleis verte handsama manuelt av ein sakshandsamar. Det vart vist til at avgjerder som vert treffe i medhald av våpenlova, ofte vil vere enkeltvedtak. Retten til manuell overprøving skulle etter forslaget også gjelde for andre avgjerder som på same måte påverkar den registrerte.

I høyringsnotatet foreslo departementet ein heimel i våpenlova § 41 nr. 32 til å gje utfyllande reglar i forskrift om å bruke automatiserte avgjerder. Departementet viste til at ein då ved behov kunne fastsetje både krav til handsaminga for alle eller utvalde typar av heilautomatiserte avgjerder, og tiltak for å trygge forvaltning og kontroll av handsaminga.

4.3 Høyringsinstansane sitt syn

Høyringsinstansane som har uttalt seg, er positive til bruk av heilautomatiserte avgjerder for å gjere våpenforvaltinga meir effektiv.

Dei fleste høyringsinstansane støttar endringsforslaga i høyringsnotatet. Blant desse er *Politidirektoratet*, *Norges Jeger- og Fiskerforbund*, *Norsk Våpenhistorisk Selskap*, *Dynamisk Sportsskyting Norge*, *Norges Metallsilhuett Forbund* og *Schedsmoe Civile Skydeselskap*.

Norsk Våpeneierforbund er positiv til forslaget om ein heimel for heilautomatiske avgjerder, men har innvendingar mot forslaget om ein heimel til å gje utfyllande føresegner i forskrift. Forbundet viser til behovet for førehandsvisse og rettstryggleik. Det vert også framheva at politiet ikkje må få tilgang til fleire personopplysningar i andre register enn politiet sine egne register.

Politidirektoratet skriv følgjande om kva saker som vil kunne avgjerast einast med automatisert handsaming innanfor rammene av forslaget:

I første omgang vil det bare være avgjørelser som er til gunst for søker (innvilgelses) som er egnet for helautomatisering. Den klare hovedvekten av dagens avslag, samt alle tilbakekallsaker, skjer etter en vurdering av skjønnsmessige vilkår i lov eller forskrift. Avgjørelsene vil i slike saker ikke være utvilsomme, og det vil ikke være aktuelt å avgjøre sakene automatisk.

Noen typer avslag er imidlertid knyttet til manglende oppfyllelse av objektive vilkår, og vil kunne være egnet for helautomatisert saksbehandling.

Om saker som gjeld tilbakekall av løyve, skriv *Sør-Vest politidistrikt*:

Tilbakekall vil ofte være begrunnet med lovbrudd, men kan også være nødvendig fordi våpeninnehaver ikke er edruelig eller uskikket på grunn av helsemessige forhold, tilknytning til kriminelle miljø eller andre forhold. Vi mener disse vurderingene er utpreget skjønnsmessige og uegnet for maskinell behandling.

Troms politidistrikt trekkjer fram kor viktig det er å sikre god kvalitet på den digitale løysinga, slik at ikkje søknader som burde vore handsama manuelt, likevel vert innvilga. *Norges Metallsilhuett Forbund* trekkjer fram kor viktig det er at løysinga vert justert undervegs i prosessen, for å hindre at søknader utan feil likevel vert avslått.

Høyringsinstansane støttar forslaget om ein rett til manuell overprøving av heilautomatiserte avgjerder. Dei viser i hovudsak til at manuell handsaming er viktig for å fange opp feil ved avgjerdene som vert treffe med automatisert handsaming.

Nokre trekkjer fram at heilautomatisert handsaming av søknader krev eit tilpassa system for handsaming av klagar. *Norsk Våpenhistorisk Selskap* peika på at forvaltinga si moglegheit til å gjere om egne avgjerder vert viktigare:

[A]utomatiserte avgjørelser forsterker behovet for at politiet ved klage foretar en reell manuell vurdering av om avgjørelsen bør omgjøres før de eventuelt sender saken videre til klageinstansen.

Datatilsynet tilrår at retten til forklaring blir drøfta nærare:

Åpenhet er viktig for rettsikkerhet og for å bygge tillit til bruk av ny teknologi. Dette innebærer at det kan oppstå en uklarhet knyttet til retten til forklaring, begrunnelse etter forvaltningsloven og politiregisterlovens regler om taushetsplikt.

Datatilsynet tilrår også å klargjere forskriftsheimelen og trekkjer fram NAV-lova § 4 a som dømme:

Departementet kan gi forskrift om behandlingen, blant annet om formålet med behandlingen, behandlingsansvar, hvilke typer personopplysninger som kan behandles, hvem det kan behandles personopplysninger om, bruk av automatiserte avgjørelser, registerføring og tilgang til registre.

Datatilsynet minner om plikta til å vurdere personvernkonsekvensar og til førehandsdrøfting etter personvernforordninga artikkel 35 og 36 før iverksetjing.

4.4 Departementet si vurdering

Automatisert sakshandsaming er eit viktig verktøy for å effektivisere våpenforvaltinga og gje publikum betre tenester. Med heilautomatisert sakshandsaming vil ein trenge færre ressursar til å handsame søknader. Manuell handsaming vil då berre vere naudsynt for avgjerder som ikkje kan treffast med automatisert handsaming, og for avgjerder som vert klagt på etter avslag eller når

den som avgjerda rettar seg mot, krev det. Personellressursar kan i staden verte brukte til saker og oppgåver som ikkje kan automatiserast.

Heilautomatiserte avgjerder vil samstundes kunne fremje likebehandling og motverke at det veks fram ulik praksis i politidistrikta. I dei sakene der ein kan nytte heilautomatisert handsaming, kan avgjerder treffast ut frå like kriterium nærast utan ventetid. Faktorar som total saksmengd og ressursituasjonen vil ikkje påverke sakshandsamingstida i desse sakene.

Forslaget om ein heimel for heilautomatisert sakshandsaming i våpensaker har fått brei støtte i høyringa. Departementet legg difor fram forslag om ein heimel i våpenlova § 38 nytt andre ledd til å treffe heilautomatiserte avgjerder etter lova, saman med ein heimel i § 41 nr. 32 som opnar for å gje utfyllande reglar i forskrift. Føremålet er å heimle reglar for heilautomatisert sakshandsaming som krevst for handsaming av personopplysingar etter personvernforordninga artikkel 22 mfl. Fleire forvaltingsorgan har allereie liknande heimlar til å treffe heilautomatiserte avgjerder, sjå til dømes NAV-lova § 4 a, statsborgarlova § 29 a og folkeregisterlova § 9-4.

Forslaget gjev politiet heimel til å bruke heilautomatisert handsaming til å treffe enkeltvedtak om å tildele, nekte og kalle tilbake løyve eller godkjenningar i tillegg til andre vedtak eller prosessleiane avgjerder som er omfatta av personvernforordninga artikkel 22 nr. 1, jf. unnataket i nr. 2 bokstav b. Kompetansen gjeld berre når avgjerda er eigna for heilautomatisert handsaming og handsaminga elles er foreinleg med reglane som gjeld for sakshandsaminga. Krava inneber at ikkje alle avgjerder i saker etter våpenlova vil kunne heilautomatiserast. Departementet vurderer at forslaget samla sett vernar den registrerte sine rettar, fridomar og rettkomne interesser, jf. krava i artikkel 22 nr. 2 bokstav b og nr. 4 i personvernforordninga.

Kva avgjerder som kan treffast åleine med heilautomatisert handsaming av personopplysingar, må vurderast for den aktuelle sakstypen. Heilautomatisert handsaming er etter departementet si vurdering særleg aktuelt for å avgjere søknader om løyve eller godkjenningar, sjå også omtalen i punkt 4.2. Tilbakekall av løyve eller god-

kjenningar krev som regel at ein sakshandsamar gjer ei konkret vurdering, noko som inneber at heilautomatisert handsaming då vil vere utelukka. Som framheva av *Politidirektoratet* og *Sør-Vest politidistrikt* vil ei avgjerd om tilbakekall av løyve eller godkjenningar sjeldan vere tvillaus.

Føresegnene i forvaltingslova og personvernforordninga gjeld for våpenforvaltinga også når handsaminga er heilautomatisert. Etter departementet sitt syn tryggar dei alminnelege reglane parten sin rett til menneskeleg inngripen, til å uttrykkje sine synspunkt, til å protestere mot avgjerda og til å få ei forklaring i dei avgjerdene som kan heilautomatiserast. For avgjerder som ikkje kan klagast på, vert rettane trygga ved at det vert innført ein rett til manuell overprøving når den som avgjerda rettar seg mot, krev det. Departementet viser til at heilautomatisert handsaming vil vere utelukka om desse føresegnene ikkje kan følgjast. Som framheva av *Datatilsynet* er openheit viktig for rettstryggleiken og tilliten til ny teknologi.

Heilautomatisert sakshandsaming inneber nokre særlege utfordringar. Rutinar tilpassa bruk av heilautomatiserte avgjerder er difor ein føresetnad for å trygge krava for sakshandsaminga og dei særlege krava som vert stilte for automatisert sakshandsaming. Manuell kontroll ved handsaminga av klagar vil kunne bidra til å oppdage moglege feil og redusere risikoen for at avgjerder som er gjort åleine på grunnlag av automatisert handsaming, får utslag som ikkje er tilsikta. Jamleg kontroll med automatiserte system for sakshandsaming og avgjerdene som vert treffe, vil bidra til å trygge at handsaminga er forsvarleg, og til å sikre rettane til den registrerte. Omfanget og innhaldet av kontrollen må tilpassast avgjerda i den aktuelle sakstypen.

Departementet vil understreke at forslaget ikkje inneber at politiet ved automatisert handsaming får tilgang til fleire register enn ved manuell handsaming av saker. Reglar om handsaming av opplysingar går elles fram av andre føresegner i lovgjevinga. Den nye forskriftsheimelen opnar som nemnt for å gje nærare reglar om bruk av heilautomatiserte avgjerder. Tilføyinga i våpenlova § 41 nr. 32 supplerer også forskriftsheimelen i nr. 30.

5 Endra heimel for gebyr for løyve og godkjenningar

5.1 Våpenlova § 37

Våpenlova § 37 har reglar om gebyr og utgifter for løyve og godkjenningar som er gjevne i medhald av lova. Første punktum fastset at politiet kan krevje gebyr «for å dekke våpenforvaltinga sine utgifter til å utferde løyve eller godkjenningar som er gjevne i eller i medhald av denne lova». Andre punktum fastset at gebyret også kan omfatte «naudsynte utgifter til sakkunnig bistand når saks-handsaminga krev særskild fagdugleik».

Etter ordlyden i første punktum er gebyrheimelen knytt til å «utferde» løyve eller godkjenningar. Berre søknader som vert innvilga, ikkje dei som vert avslått, resulterer i at politiet utferdar eit løyve eller anna tillating. Det kan såleis ikkje krevjast gebyr for søknader som vert avslått.

Våpenlova krev løyve eller godkjenning for dei fleste former for omgang med løyvepliktige skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. I merknaden til føresegna er det presisert at gebyr kan krevjast for utferding av alle typar løyve eller godkjenningar etter lova, jf. Prop. 165 L (2016–2017) side 90.

Nærare føresegner om gebyr er gjevne i forskrift i medhald av våpenlova § 41 nr. 31. Våpenforskrifta § 12-2 fastset kva løyve og godkjenningar som er gebyrbelagde, medan § 12-3 angjev når det ikkje skal krevjast gebyr for utferding av løyve.

5.2 Statlege retningslinjer for gebyr- og avgiftsfinansiering

Utgiftene til det offentlege vert normalt finansierte ved løyvingar over statsbudsjettet. Dekning av utgifter til tenesteproduksjon og utøving av myndigheit krev heimel i lov.

Finansdepartementet har gjeve føringar for fastsetjing av gebyr for offentlege tenester i sitt rundskriv om statleg gebyr- og avgiftsfinansiering (R-112/15). Rundskrivet gjeld for alle gebyr og sektoravgifter som inngår i finansieringa av statleg fastsette tenester, som til dømes løyve, registreringar, kontroll, tilsyn og rettsprosessar.

Hovudregelen er at gebyret fullt ut skal dekke, men ikkje overstige, kostnadene ved å produsere og levere tenesta basert på kostnadseffektiv drift, jf. rundskrivet punkt 3.2.2 nr. 2.

Gebyret må som nemnt ha heimel i lov, medan utfyllande føresegner kan gis i forskrift. Det går fram av rundskrivet at lovheimelen bør fastsetje kva teneste det kan krevjast gebyr for, kven som kan fastsetje og endre satsane, inntektskrav til ordninga og korleis inntektene skal brukast. Loven bør også innehalde fullmakter til å gje utfyllande føresegner i forskrift om kva som er gjenstand for betalingsplikta og kva som er berekningsgrunnlaget, og kven som er ansvarleg for regelverk, innkreving og kontroll, jf. rundskrivet punkt 3.1.1 nr. 3.

5.3 Forslaget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet foreslo departementet å endre våpenlova § 37 første punktum slik at gebyr skulle kunne krevjast for å dekke utgiftene som våpenforvaltinga har til handsaming av søknader om og kontroll av løyve eller godkjenningar etter lova. Føremålet var å gje ein gebyrheimel tilpassa ei digital våpenforvalting som reflekterer dei ressursane som politiet faktisk bruker til handsaming av løyve og godkjenningar.

Lovforslaget opna for å krevje gebyr allereie for søknaden om løyve eller godkjenning. Om søknaden vart innvilga eller avslått, skulle ikkje lenger avgjere høvet til å krevje gebyr. Forslaget la opp til at gebyret som krevst ved innsending av søknad, også skulle kunne dekke kostnadene som våpenforvaltinga har til jamleg kontroll med løyve eller godkjenningar. Departementet viste til at automatiseringa påverkar kva slags kostnader våpenforvaltinga vil innebere framover, og til at krava til kontroll har vorte strengare dei siste åra.

Departementet uttalte at Politidirektoratet skulle utvikle ein ny gebyrmodell ut frå gebyrheimelen i tråd med føringane i Finansdepartementet sitt rundskriv (R-112/15). Departementet la opp til at gebyrsatsane ville verte fastsette i budsjettprosessen når alle kostnadene var berekna,

og til at utfyllande føresegner ville verte gjevne i våpenforskrifta.

5.4 Høyringsinstansane sitt syn

Dei fleste høyringsinstansane som har uttalt seg, har ikkje innvendingar mot forslaget om at det skal kunne krevjast gebyr for søknader som vert avslått. Dette gjeld instansar som *Politidirektoratet*, *Dynamisk Sportsskyting Norge* og *Norges Jeger- og Fiskerforbund*.

Nokre av høyringsinstansane har innvendingar, mellom anna *Norsk Våpeneierforbund* og *Schedsmoe Civile Skydeselskab*. *Scandinavian Western Shooters* viser til at det vil kunne redusere tilliten til våpenforvaltninga og vere uheldig for framtidig samarbeid, dersom det vert økonomisk gunstig å avslå søknader.

Politidirektoratet og politidistrikta som har uttalt seg støttar forslaget om at gebyret skal kunne dekke utgiftene som våpenforvaltninga har til handsaming av søknader og kontroll med løyve eller godkjenningar. Dei viser i hovudsak til at politiet har mange oppgåver innanfor våpenforvaltninga, og at dei lovpålagde kontrolloppgåvene er viktige for å førebyggje uønskte hendingar med våpen og fremje ein trygg våpenbruk. Dei viser også til at politiet har ein tilsvarande gebyrheimel for pass og ID-kort.

Dei andre høyringsinstansane som har uttalt seg, har ulike innvendingar mot at andre utgifter enn handsaming av søknader skal kunne dekkast av gebyret. Det vert fremheva at endringar i gebyrføresegnene må vera føreseielege for våpenegarar. Det vert også framheva at digitaliseringa må kome publikum til gode og må speglast att i dei nye gebyrsatsane.

Fleire trekkjer fram at kontroll med løyve og godkjenningar ikkje bør dekkast av gebyr. Blant desse er *Norsk Våpeneierforbund*, *Dynamisk Sportsskyting Norge*, *Scandinavian Western Shooters*, *Norsk Våpenhistorisk Selskap* og *Schedsmoe Civile Skydeselskab*. Dei viser i hovudsak til at våpenforvaltning bør vere ei samfunnsoppgåve, og at dekning av kostnader til kontroll kan få karakter av eit årleg gebyr for å ha våpen.

Dynamisk Sportsskyting Norge mfl. viser til at det er ulike former for kontroll etter våpenregelverket, og at det ikkje er rimeleg at alle kontrolltiltak vert belasta med gebyr.

Det frivillige Skyttervesen mfl. viser til at skyting kan verte ein aktivitet som berre personar

med god økonomi kan drive med, dersom det vert slik at publikum skal dekke alle kostnadene til våpenforvaltninga.

5.5 Departementet si vurdering

Departementet held fast ved at heimelen for gebyr i våpenlova § 37 bør utvidast, men er i etterkant av høyringa kome til at lovheimelen kan og bør utformast noko annleis enn det som var foreslått i høyringsnotatet. Heimelen bør etter departementet si vurdering berre seie kva som er gebyrbelagd, medan nærare føresegner bør gjevast i våpenforskrifta i medhald av heimelen i § 41 nr. 31.

Departementet tilrår difor at gebyrheimelen i § 37 første punktum fastset at politiet kan krevje gebyr for søknad om løyve og godkjenningar for å dekke dei utgiftene som våpenforvaltninga har. Forslaget opnar for at det kan krevjast gebyr frå publikum når dei sender inn søknader om løyve eller godkjenningar til våpenforvaltninga. Ei slik regulering gjer det tydeleg når det kan krevjast gebyr frå publikum.

Det varierer kor mykje tid og ressursar som går med til våpenforvaltninga si handsaming av dei einskilde søknadene om løyve og godkjenningar. Det kan krevje meir ressursar å avgjere søknader som endar med avslag, og skilnaden i ressursbruk mellom kurante saker som kan avgjerast med heilautomatisert handsaming, og saker som krev manuell handsaming vil venteleg verte større. Etter departementet si vurdering er det rimeleg at søkarar må betale eit gebyr sjølv om den einskilde søknaden vert avslått. Departementet kan ikkje sjå at saker etter lova skil seg ut på ein slik måte at gebyrheimelen ikkje bør opne for å kunne dekke desse kostnadene på vanleg måte.

Våpenforvaltninga har utgifter til handsaming av søknader om og kontroll av løyve eller godkjenningar etter lova. Som framheva av *Dynamisk Sportsskyting Norge* har politiet ulike oppgåver som er ein del av kontrollverksemda i våpenforvaltninga. Departementet viser til at kva som skal kunne dekkast av dei ulike gebyra, må vurderast mellom anna ut frå kva som krevst for å få og ha løyvet eller godkjenninga.

Kva konkrete kostnader som bør dekkast av den einskilde søknaden vil verte vurdert på bakgrunn av ein ny berekningsmodell for gebyr. Endringar i gebyrføresegnene i våpenforskrifta vil verte sende på høyring på vanleg måte.

6 Økonomiske og administrative følgjer

Forslaget om endringar i våpenlova §§ 38 og 41 nr. 32 vil ikkje ha nemneverdige økonomiske konsekvensar. Departementet legg til grunn at bruk av heilautomatiserte avgjerder over tid vil føre til at politiet sparer pengar gjennom at ressursane i våpenforvaltinga vert betre utnytta. Heilautomatisert handsaming vil frigjere personellressursar til andre saker og oppgåver som krev manuell handsaming. Samstundes vil ei slik handsaming kunne føre med seg nye arbeidsoppgåver og tilhøyrande kostnader. For publikum vil bruk av heilautomatiserte avgjerder venteleg gje betre tenester med kortare sakshandsamingstid. Prosjektet med ei ny digital våpenforvaltning blir dekt av dagens gebyrnivå, jf. supplerande tildelingsbrev nr. 7 frå Justis- og beredskapsdepartementet datert 23. april 2021. Eventuelle meirkostnader for

politiet vert dekte innanfor gjeldande budsjett-rammer. Med endringa vil politiet kunne ta i bruk heilautomatisert handsaming i fleire avgjerder, noko som kan gje innsparingar i form av reduserte lønnskostnader.

Forslaget om endring i våpenlova § 37 har ikkje i seg sjølv økonomiske konsekvensar, men vil venteleg føre til endringar i gebyrføresegnene i våpenforskrifta. Med endringa vert det opna for å fastsetje at publikum må betale gebyr sjølv om søknaden vert avslått. Storleiken på gebyra vil verte vurdert når den nye berekningsmodellen er ferdig utvikla og forslaget til nye gebyrsatsar er vurdert i den ordinære budsjettprosessen, og etter at forslag til endring av føresegnene om gebyr i forskrifta har vore på høyring.

7 Merknader til dei einskilde føresegnene

Til § 37

Endringa i *første punktum* inneber at reguleringa av gebyret vert knytt til handsaminga av ei sak om løyve eller godkjenning. Føresegna fastset som noko nytt at det kan krevjast gebyr allereie når ein søknad om løyve og godkjenningar vert send inn, og at gebyr skal betalast uavhengig av om eit løyve eller ei godkjenning vert utferda eller ikkje.

Sjå elles dei generelle merknadene i punkt 5.3 og 5.5.

Til § 38

I *første ledd* vert orda «i andre og tredje punktum» fjerna for å tilpasse føresegna til nytt andre ledd. Det er ingen tilsikta endringar i det materielle innhaldet.

Nytt *andre ledd* regulerer bruken av heilautomatiserte avgjerder i saker etter våpenlova. Føresegna fastset som noko nytt at fleire avgjerder kan treffast utan at ein sakshandsamar har vore involvert i eller har påverka resultatet.

Andre ledd første punktum gjev politiet kompetanse til å treffe avgjerder som berre er baserte på automatisert handsaming av personopplysingar, inkludert særlege kategoriar av personopplysingar nemnde i personvernsforordninga artikkel 9 og 10. Avgjerder omfattar enkeltvedtak om å tildele, nekte og kalle tilbake løyve eller godkjenning, men også andre avgjerder som er omfatta av personvernsforordninga artikkel 22 nr. 1.

Andre ledd andre punktum presiserer at handsaminga må tryggje forsvarleg sakshandsaming og samsvare med retten til vern av personopplysingar. Desse krava må sjåast i samanheng med dei reglane som elles gjeld for våpenforvaltinga, mellom anna føresegnene om sakshandsaming i forvaltingslova og føresegnene om handsaming av personopplysingar i personvernforordninga. Samstundes vil det vere naudsynt med tilpassa kontrollrutinar for å verne den registrerte sine rettar, fridomar og rettkomne interesser.

Andre ledd tredje punktum avgrensar høvet til å treffe avgjerder i medhald av første punktum, då desse avgjerdene ikkje kan byggje på skjønnsmessige vilkår, med mindre resultatet av avgjerda er tvillaus. At avgjerda må vere tvillaus, inneber at det må vurderast konkret kva saker og avgjerder som kan avgjerast med automatisert sakshandsaming åleine.

Andre ledd fjerde punktum gjev rett til manuell overprøving av avgjerda når parten eller den som avgjerda rettar seg mot, krev det.

Sjå elles dei generelle merknadene i punkt 4.2 og 4.4.

Til § 41

Endringa i *nr. 32* inneber at det vert gjeve ein heimel til å fastsetje i forskrift reglar om bruk av heilautomatiserte avgjerder, mellom anna krav til handsaming og kontroll av alle eller utvalde typar heilautomatiserte avgjerder.

Endringar i våpenlova (heilautomatiserte avgjerder og endra gebyrheimel)

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i våpenlova (heilautomatiserte avgjerder og endra gebyrheimel).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i våpenlova (heilautomatiserte avgjerder og endra gebyrheimel) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i våpenlova (heilautomatiserte avgjerder og endra gebyrheimel)

I

I lov 20. april 2018 nr. 7 om våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon vert det gjort følgjande endringar:

§ 37 skal lyde:

§ 37 *Gebyr og utgifter*

For å dekke utgiftene til våpenforvaltinga kan politiet krevje gebyr ved søknad om løyve eller godkjenningar gjevne i eller i medhald av denne lova. Gebyret kan også omfatte naudsynte utgifter til sakkunnig bistand når sakshandsaminga krev særskild fagdugleik.

§ 38 skal lyde:

§ 38 *Forholdet til forvaltningsloven og bruk av automatiserte avgjerder*

Forvaltningsloven gjeld for saker etter denne lova med dei særreglane som er fastsette i *paragrafen* her eller i forskrift i medhald av § 41 nr. 32. Politiet kan krevje at personar stiller til intervju for å vurdere om vilkåra etter § 16 er oppfylte. Retten til klage, grunngjeving og partsinnsyn etter for-

valtningsloven gjeld ikkje for saker om løyve til mellombels innførsel til jaktføremål.

Politiet kan treffe avgjerder i saker etter denne lova som åleine er gjort på grunnlag av automatisert handsaming av personopplysingar, medrekna særlege kategoriar av personopplysingar som nemnt i personvernforordninga artikkel 9 og 10. Handsaminga må trygge forsvarleg sakshandsaming og samsvare med retten til vern av personopplysingar. Avgjerda kan ikkje byggje på skjønsmessige vilkår i lov eller forskrift, med mindre avgjerda er tvillaus. Den registrerte har rett til manuell overprøving av avgjerda.

§ 41 nr. 32 skal lyde:

32. forholdet til forvaltningsloven, medrekna sakshandsamingsreglar, reglar knytte til intervju og unntak frå teieplikta, og bruk av automatiserte avgjerder, *jf. § 38 første og andre ledd.*

II

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.
